



Arkivsaknr: 2023/10103-18
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling: Miljø og tilsyn

SAKSFRAMLEGG

Klage på vedtak om dispensasjon for bruksendring av sjøbu - gbnr
58/9 - Lurevegen 1417

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen ifrå Statsforvaltaren i Vestland i sak 2023/10103, datert 12.04.2024, vert teke til følgje.

Det administrative vedtaket av 28.07.2023 vert nytt vedtak i saka og lyder:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå føresegn 4.28 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for bruksendring av eksisterande sjøbu til overnattingsføremål.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

SAKSUTGREIING

Utval for areal plan og miljø (APM) – 26/24

Administrativt saknr. 734/23

Tiltak: Bruksendring av eksisterande sjøbu til overnattingsføremål

Søknadstype: Dispensasjon

Eigedom: Gbnr.58/9

Adresse: Lurevegen 1417 og 1419, 5912 Seim

Tiltakshavar/eigar: Ola Tundal Bakkebø sidan 30.06.2004

Klage: Statsforvaltaren i Vestland

Tilsvar til klage: Tiltakshavar

Saka gjeld klage på vedtak fatta av utval for areal, plan og miljø (APM) i sak 2023/10103 med vedtaksnr. 26/24, datert 06.03.2024, om dispensasjon frå føresegn 4.28 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for bruksendring av eksisterande sjøbu til overnattingsføremål jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2.

Vedtaket av 06.03.2024 har følgjande ordlyd:

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 06.03.2024:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegn 4.28 i kommunedelplan for Lindåsslusane, Lygra og Lurefjorden for bruksendring av eksisterande sjøbu til overnattingsføremål.

Grunngjeving:

1. Strandsona i området er alt privatisert og det er såleis ikkje grunnlag for å hevda at det vert meirprivatisert ved å gje denne dispensasjonen. Området er alt tilrettelagt for næring, gjester og aktivitet og overnatting var ein av premissane i kommunedelplanen. Allmannaretten kan difor ikkje nyttast her.
2. Løyve til overnatting vil vera med og styrkja næringsgrunnlaget på bruket, noko som medfører større fordelar eller ulemper ved å gje dispensasjon
3. tiltaket vil gi positivt bidrag til anna næringsaktivitet på Lygra.

Tiltaket vil òg og gjera Lygra til eit meir attraktivt reisemål, og samla sett ser utvalet at fordelane er klart større enn ulempene ved å gje dispensasjon, og kommunedelplanen vert heller ikkje vesentleg sett til side.»

Historikk

Det vart gjeve administrativt avslag den 28.07.2023 på søknad om dispensasjon frå føresegn 4.28 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for bruksendring av eksisterande sjøbu til overnattingsføremål , jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2.

Avslaget vart påklaga av tiltakshavar og klagen fremja for APM.

Saka har vore handsama av APM 3 gangar tidlegare:

«Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 07.02.2024:
Den planlagte synfaringa blei ikkje gjennomført grunna vèrforholda.

Det vart fremma to forslag

Leif Taule-Sp:

1. Saka utsettes til neste mulighet for å gjennomføre synfaring.

Leif Johnsen-Mdg;

1. Utvalet ber om ei orientering om Friluftslivet ferdselåre i høve dette tiltaket.

Begge forslaga blei samrøystes vedteke

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall. «

«Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 07.02.2024:

Utvalet utsett saka til neste mulighet for å gjennomføre synfaring og ber om ei orientering om Friluftslivet ferdselåre i høve dette tiltaket.»

Det vart gjennomført synfaring før møtet den 06.03.2024.

«Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 06.03.2024:

Felles framlegg ved Torgeir Andvik-SP:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegn 4.28 i kommunedelplan for Lindåsslusane, Lygra og Lurefjorden for bruksendring av eksisterande sjøbu tii overnattingsføremål.

Grunngjeving: 1. Strandsona i området er alt privatisert og det er såleis ikkje grunnlag for å hevda at det vert meirprivatisert ved å gje denne dispensasjonen. Området er alt tilrettelagt for næring, gjester og aktivitet og overnatting var ein av premissane i kommunedelplanen. Allmannaretten kan difor ikkje nyttast her. 2. Løyve til overnatting vil vera med og styrkja næringsgrunnlaget på bruket, noko som medfører større fordelar eller ulemper ved å gje dispensasjon

3. tiltaket vil gi positivt bidrag til anna næringsaktivitet på Lygra.

Tiltaket vil òg og gjera Lygra til eit meir attraktivt reisemål, og samla sett ser utvalet at fordelane er klart større enn ulempene ved å gje dispensasjon, og kommunedelplanen vert heller ikkje vesentleg sett til side.

Felles framlegg ved Torgeir Andvik-SP vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.»

Vedtaket frå APM den 06.03.2024 er påklaga av Statsforvaltaren i Vestland. Det er denne klagen som APM skal handsame.

Klage

Kommunen har mottatt klage frå Statsforvaltaren over vedtaket fatta av utval for areal, plan og miljø den 06.03.2024.

Kommune har mottatt tilsvafr frå tiltakshavar den 21.05.2024.

Klagerett og klagefrist

Statsforvaltaren i Vestland har klagerett som sektorstyresmakt.

Vedtaket av 06.03.2024 er sendt ut den 27.03.2024. Klagen er rettidig mottatt (innan rett tid) den 12.04.2024.

Vidare sakshandsaming

Klagen vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato. Som følgje av at det er Statsforvaltaren i Vestland som er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar.

Planstatus, Dispensasjon, Uttale frå annan styresmakt og Kart/foto –

sjå vedlagte saksframlegg med vedtak til APM møte den 06.03.2024.

Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Statsforvaltaren i Vestland rådde frå dispensasjon for bruksendring, jf. brev av 25.05.2023, og vi viser til uttalen som grunnlag for vår klage:

«Kommunedelplanen er, slik vi ser det klar på at SN4 ikkje skal nyttast til overnatting. Både føresegn, planskildring og saksframlegg ved offentlig ettersyn er klar på dette. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, no Statsforvaltaren Vestland, var klar på at vi ikkje hadde merknadar til SN4 på bakgrunn av at området var bygd, og sidan det ikkje vart opna for overnatting. Vi viser til at kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut frå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjon, men at dei eventuelt vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) d. 242. Vi kan ikkje sjå at ein kan gje dispensasjon for bruksendring av sjøbu, utan å vesentleg tilsidesette kommunedelplanen, som sikrar at områda kring sjøbua ikkje skal verte meirprivatiserte. Dersom det vert opna opp for utleige av sjøbua til fritidsbustadføremål, vil dette etter Statsforvaltaren sitt syn vere i strid med gjeldande statlege planretningsliner for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.»

Omsynet bak føresegna som det no er gitt dispensasjon frå, er å sikre at området ikkje vert meir privatisert. Dette er tett knytt opp til strandsonainteressene jf. pbl § 1-8. Det å unngå meir privatisering er eitt av fleire viktige omsyn i strandsona.

Sjøbua ligg med brygger og molo like ved, og området er i nokon grad privatisert. Vi vurderer likevel at ei bruksendring til overnattingsformål vil føre til ein auke i privatiseringsgraden. Eit bygg med overnatting vil vere meir privatiserande enn ei sjøbu. Mellom anna viser vi til at naustbygg ikkje har ei innmarksone rundt seg, medan bygg som er tilrettelagt for opphald vil ha det. TUNET på eigedomen ligg i god avstand frå sjøbua og påverkar ikkje privatiseringsgraden. Vi er ikkje samde i at vedtaket til kommunen om bruksendring ikkje vil føre til auka privatisering.

Vi vil også leggje til at det i søknaden står at *«bygget si form og fasade blir om lag som før. Bygget er for ein del år sidan restaurert med nytt tak, vindaug og ny kledning. Det omsøkte tiltaket vil krevje begrensa bygningsmessige endringar, for det meste på innsida.»* Vi kan ikkje sjå at det er klarlagt kor mykje fasadeendringar som er naudsynt for å gjere om sjøbua til overnattingsformål. Den privatiserande effekten vil òg auke dess meir sjøbua ser ut som ein bustad eller fritidsbustad. Vi er ikkje kjende med om vindauga har naudsynte løyve i dag. Dei siste saksdokumenta vi har funne frå tidlegare saker som gjeld naustet, er kopi av tidlegare Lindås kommune sitt brev til tiltakshavar 23.06.2010, der det vert vist til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si stadfesting av kommunen sitt vedtak av 04.11.09. I vedtaket står det mellom anna at:

«Sjøbua må endrast slik at den har totalt 2 vindaug i 1. høgda. Vindauga skal plasserast på langssida. Dersom vindauga vert plassert på langsida mot sjøen, skal vindauga utformast og plasserast i samsvar med fotodokumentasjon motteke i møte med kommunen den 25.03.2008.»

Det er uklart for oss kva som har skjedd med saka etter dette. Er vindauga endra i samsvar med vedtaket? Er det gjort nye vedtak etterpå som vi ikkje kjenner til? Vil det vere naudsynt med fleire og/eller større vindaug for å kunne nytte bygninga til overnatting? Det er også uheldig at det i vedtaket ikkje er presisert at overnattinga er knytt til turistnæring, og ikkje er privat fritidsbustad eller bustad. Vi stiller spørsmål om saka er godt nok opplyst til å ta stilling til dispensasjon for bruksendring.

I kommunen si grunngjeving står det mellom anna: *«Området er alt tilrettelagt for næring, gjester og aktivitet og overnatting var ein av premissane i kommunedelplanen»* Statsforvaltaren er ikkje samd i at overnatting var ein premiss i kommunedelplanen for området der sjøbua ligg. Det er på same eigedom sett av eit anna område for spreidd næring (SN3) i lenger avstand frå sjøen. I det området er det, i motsetnad til området heilt nede ved sjøen, opna for å kunne leggje til rette for overnatting. Det vart også i administrativt vedtak 734/23, datert 28.07.2023, gitt dispensasjon frå LNF-formål (like utanfor SN3) for tilbygg til eksisterande gjestehus.

Statsforvaltaren vurderer at det såleis alt er opna opp for alternative overnattingsplassar på denne eigedomen. Statsforvaltaren vurderer etter dette at nasjonale omsyn i strandsona og føresegn 4.28 i kommunedelplanen er vesentleg sette til side som følgje av at det er gjort vedtak om dispensasjon. Vi kan heller ikkje sjå at fordelane er klart større enn ulempene i denne saka. Lova sine vilkår for å gje dispensasjon er då, etter vårt syn ikkje oppfylt jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Statsforvaltaren klagar difor på utval for areal, plan og miljø sitt vedtak i møte den 06.03.2024, utvalsak 26/24. Vi ber om at vedtaket vert gjort om til avslag. Vi ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Spørsmål om habilitet Vi har i e-post sendt 10.04.2024, mottatt ein påstand frå tiltakshavar om at Statsforvaltaren i Vestland er inhabil i denne saka. Det vert vist til

at Statsforvaltaren var inhabil i vurderingane av kommunedelplanen og enkeltsaker som gjaldt denne eigedomen då tiltakshavar var landbrukssjef hos Fylkesmannen i Hordaland. Tiltakshavar vurderer at vi også var inhabil i 2015, då vi vurderte KDP til 2. gongs offentleg ettersyn. Tiltakshavar hadde då ei stilling hjå Fylkesmannen i Hordaland. Han meiner Statsforvaltaren framleis er inhabil, sjølv om han ikkje lenger er tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland. Dette er fordi han meiner dette er same sak som «har gått i 19 år i plansystemet». Eposten peikar ikkje på einskildpersonar hjå Statsforvaltaren som inhabile.

Dispensasjonsvedtaket vi tar stilling til no er ikkje den same som saka frå 2005-2010. Dette er ei ny sak, som skal vurderast opp mot ein annan plan enn førre gong.

Statsforvaltaren strekar under at reglane om habilitet i forvaltningslova gjeld den einskilde tenestepersonen som handterer ei avgjerd i forvaltningssak, jf. forvaltningslova § 6. Embetet i seg sjølv kan ikkje vera inhabilt.

Vi kan ikkje sjå at nokon av dei som har tilrettelagt eller teke avgjerd om å klage i denne saka, har ein personleg relasjon til tiltakshavar som gjer oss inhabile til å ta stilling til om vi skal klage eller ikkje på det kommunale dispensasjonsvedtaket. Dette er heller ikkje hevda.

Dersom kommunen held fast på vedtaket sitt, skal saka sendast over til Statsforvaltaren i Vestland. Vi vil i så fall be Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) om å oppnemne setjestatsforvaltar til å gjere endeleg vedtak i klagesaka.»

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Tilsvaret er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Vi meiner at Statsforvalteren er inhabil i saka og viser til tidlegare oversendt brev til statsforvaltaren som kommunen har fått kopi av.

Statsforvaltaren sin hovedinnvending i klagen dreier seg om «privatiseringsgraden» i området ved overnatting i sjøbua. Men som saka viser, så er sjøbua og området omkring den «privatisert» gjennom ein serie av tiltak dei siste 20 åra. Området omkring sjøbua er forøvrig inngjerda innmark og beite. Etter vår vurdering av lovverket har ikkje ålmenta tilgang til areala.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane beskreiv i brev datert 21.09.2009 området som delvis utbygd gjennom godkjent molo, kai og veg. Fylkesmannen skriv i same brev at kommunen sitt samtykke til bygging av molo vil virke privatiserende, men skriv samstundes «at området er lite tilgjengeleg for almen ferdsel.»

I same brevet oppheva Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kommunen sitt vedtak om innsetting av 3 vindauget i front av sjøbue, med begrunnelse at det ville verke privatiserende. Kommunen beslutta deretter at eit av vindua i front skulle takast

bort. Begrunnelsen til fylkesmannen var at sjøbua ikkje skulle ha utsjånad som kunne forvekslast med ein fritidsbustad.

Statsforvalteren etterlyser i sitt klagebrev av 12. april 2024 status for desse vindaugene.

Underteikna søkte kommunen nokre år seinare om å setje innatt det vinduet som vart teke bort. Søknaden vart innvilga av kommunen. Det betyr i realiteten at sjøbua atter har 3 vindauger og har igjen fått «ein utsjånad som kan forvekslast med ein fritidsbustad». Sjøbua er dermed godkjent med 3 vinduer og har dermed eit «privatisert utseende»

Vi kan slå fast at Lindås kommune la til grunn at landbrukstilknytta reiselivsverksemd inkl. overnattingskapasitet er ynskeleg på SN3 og SN4. Desse arealkategoriane er omtalt av Landbruks og Matdepartementet som «Landbruk pluss.». Økt overnattingskapasitet på Lygra var et premiss og målsetting i frå kommunen si side i arbeidet med kommundelplanen. Då eit område ved sjøen ved Lyngheiseret (SN2) vart tatt ut av planen i høringsrundene åpner dette etter vårt syn opp for at SN4 kan dekke det behovet for overnattingskapasitet.

I tråd med dette har vi søkt om å tilrettelegge SN4 for reiseliv, kurs/møtelokale og utleige av båter/kajakk osv og med overnatting i sjøbua.

I det følgjande gjer vi greie for kva tiltak som er gjennomført i området SN4 dei siste 20 åra:

Sjøbua er retta opp og restaurert med forsterkning av grunnmurar og konstruksjon, bygget har fått ny kledning, nytt tak og nye golv.

1. Det er innvilga anlegg av molo for å lage trygg havn og skjerme den 100 år gamle sjøbua. Den er svært utsett for storm fra nordvest. Storm braut likevel over moloen for 7-8 år sidan og medførte store skader på molo, kaianlegg og båtar.
2. Kommunen godkjente søknad om etablere kaianlegg i havneområdet.
3. Kommunen har godkjent flytebrygge inne i moloen.
4. Kommunen har godkjent nytt vindaug jfr tekst ovanfor.
5. Statsforvaltaren skriv i klagen av 14.04.2024. « eit naustbygg ikkje har innmarkssone rundt seg. Det er feil. Området omkring er sjøbua er inngjerda beite /innmark..
6. Kommunen har i 2024 godkjent ny bygning ved sida av sjøbua (innanfor byggegrensa i SN4) for oppbevaring av kajaker/ fiskereidskap/båtar for gjester.
7. Kommuen har godkjent oppføring av badstue som ein integrert del av dette bygget som tilbod for gjestar.
8. Vi vurderer no å plasserte ein «badestamp» på SN4 for å gjere området meir attraktivt for våre gjestar.
9. Det er aktuelt med utleige av båter/kajaker.
10. Kommunen har godkjent veg til sjøbua/kaianlegget.
11. Kommunen har nyleg godkjent parkeringsplass for parkering for gjester til sjøbua på oppsida, på eit trafikkareal Statsforvalteren feilaktig påstår er dyrka mark.

12. Det er forøvrig investert i rydding, grøfter, gjødselsplan og nye gjerder rundt heile innmarka. Vi har no omlag 30 vinterfora sauer på bruket.
13. Heile området er å oppfatte som privat i fht friluftsløva som følge av at alt er inngjerda med grindar og det er innmark/beite med dyr. Allmannaretten kjem difor ikkje til anvendelse slik vi vurderer dette.
14. Sjølve området rundt kaien, sjøbua og moloen er privat havn for gardsbruket og ikkje open for fri ferdsle eller kaitilgang frå sjøen
15. I samtaler med kommunen har ulike ideer for bruk av sjøbua vore drøfta: kontor, skrivestue, atelier, dusjanlegg for kajakk/båturister langs kysten, kafe/restaurant, pub for sjøfarende, kurs/møtelokale, osv: Kommunen har uten unntak ikkje hatt motforestillingar av noko av desse aktivitetane. Dei er i samsvar med planføremålet. Uavhengig av kva som vert realisert til slutt, vil desse tiltaka i meir eller mindre grad verka «meirprivatiserande» på området, samstundes som dei vil vere i tråd med kommuneplanen for SN4.

Vi meiner derfor kommunen har godt grunnlag i planbeskrivelsen og formålet med planen når dei i saka har innvilget dispensjonen frå den aktuelle bestemmelsen. Hensynet bak bestemmelsen er å hindre meir privatisering av strandsonen ved å nekte overnatting i sjøhuset. Slik vi ser det er det ikkje mulig å oppnå meir privatisering av strandsonen i denne saken jfr opplistinga ovanfor. Området er avsatt til næring og tatt i bruk som beskrevet over og allmenheten er dermed avskåret frå å nytte strandsona i dette området.

Bestemmelsen: **”det kan ikkje overnattast i sjøbua”** og begrepet «meirprivatisering» som statsforvaltaren viser til som avslagsgrunn for denne dispensasjonssøknaden, fell difor på sin eigen urimelegheit – området er i kraft av sin planstatus tatt i bruk til privat næringsutvikling og gardsturisme utan tilgang for allmenheten.

Formålet med kommuneplanen var å auke overnattingskapasitet på Lygra og med utgangspunkt i dagens status der det ikkje er bygd ei einaste ny seng på Lygra er det difor heilt utanfor all rimeleg skjønsvurdering å nekte dispensasjon slik saka står. Kommunaldepartementet skriv i sitt nasjonale forventningsbrev for 2023 -2027 følgande :

«Arealbruken i strandsonen langs sjøen og langs vassdrag vurderes i et helhetlig og langsiktig perspektiv. Det legges til rette for en mer differensiert forvaltning av strandsonen med større muligheter for næringsutvikling og bosetting i spredtbygde strøk langs kysten i sone 3 i planretningslinjene for strandsonen»

Myndighetene meiner det er ynskeleg å nytte eksisterande, gamle bygningar til næringsutvikling. Riksantikvaren vill ha meir vern gjennom ny bruk, Regjeringa er opptatt av «*grøn næringsutvikling*» og å styrke landbruket gjennom tilleggsnæringar. Bruk av eksisterande bygningar til reiseliv dempar arealpresset på nye område. Dette samanfell omlag 100 % med kommuneplanen. Dette er eit næringssvakt område med fråflytting.

Det er følgeleg urimeleg å nekte det omtalte bygget nytta til overnatting med henvisning til «meirprivatisering».

Utnytting av bygget til dette føremålet er ikkje i strid mot nasjonale eller regionale interesser og det slutta i realiteten Plan og Miljø seg til gjennom sitt vedtak.»

Det vert vist til tilsvaret i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Merknad om sjøbua og naudsynte løyve(r)

Tiltakshavar meiner det er innvilga løyve til anlegg av molo, kaianlegg i hamneområdet, flytebrygge og 3 vindauge. Løyve(r) er ikkje vedlagt frå tiltakshavar.

Kommunen har gjennomgått våre arkiv frå 2010-2024. Det siste vedtaket er frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, datert 17.06.2010 som stadfestar plan- og miljøutvalet i Lindås kommune sitt vedtak av 04.11.2009 sak 262/09. Saka gjaldt pålegg om tvangsmulkt og pålegg om retting på gbnr 58/9 i tidlegare Lindås kommune. Pålegget frå Lindås kommune og vedtaket frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er vedlagt dette saksframlegget:

Saken gjelder flere tiltak i forbindelse med sjøbod på eiendommen gbnr. 58/9 i Lindås kommune. Sjøboden er restaurert og det er foretatt fasadeendringer med innsetting av vinduer. Det er videre bygget molo og brygger langs sjøboden, samt foretatt vesentlige terrenginngrep på eiendommen.

Etter gjennomgangen av våre arkiv, så kan ikkje sjå at saka er fulgt opp eller konkludert etter 2010. Saka blir oversendt til avdeling Miljø og tilsyn for vidare oppfølging med ein grundigare gjennomgang av kva det er gjeve løyve til og kva som er status for dei etablerte tiltaka sjøbu, molo og brygger og vesentleg terrenginngrep, vindauge mv. Kommunen ønskjer på denne bakgrunn å ikkje konkludere i klageomgangen kva som er lovleg status for dei nemnte tiltaka.

Merknad om inhabilitet for Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren i har i sin klage av 12.04.2024 og i skriv av 21.05.2024 svart ut at det ikkje ligg føre inhabilitet i saka. Statsforvaltaren skriv i sin klage av 12.04.2024:

«Statsforvaltaren strekar under at reglane om habilitet i forvaltningslova gjeld den einskilte tenestepersonen som handterer ei avgjerd i forvaltningssak, jf. forvaltningslova § 6. Embetet i seg sjølv kan ikkje vera inhabilt. Vi kan ikkje sjå at nokon av dei som har tilrettelagt eller teke avgjerd om å klage i denne saka, har ein personleg relasjon til tiltakshavar som gjer oss inhabile til å ta stilling til om vi skal klage eller ikkje på det kommunale dispensasjonsvedtaket. Dette er heller ikkje hevda.»

Kommunen er einig i Statsforvaltaren at bruksendringa verkar privatiserande og det er i strid med gjeldande statlege planretningslinjer for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Det er også der opna for alternative overnattingsplassar på eigedomen på SN3.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at Statsforvaltaren i Vestland sin klage bygger opp under og støtter det administrative avslaget. Rett løysing i saka er å gi avslag på søknad om dispensasjon frå føresegn 4.28 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for bruksendring av eksisterande sjøbu til overnattingsføremål , jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2.

Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland skal takast til følgje og vedtaket frå APM, datert 06.03.2024, om dispensasjon for bruksendring av sjøbu, skal gjerast om til eit avslag.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen frå Statsforvaltaren i Vestland vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk

bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.

- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.